

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 05.11.2007

**SAK 21/07  
DRØFTING AV FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL I GISKE  
KOMMUNE**

I sak 11/06 i møte den 21.11.2006 gjorde kontrollutvalet innstilling om plan for forvaltningsrevisjon for resten av valperioden. Innstillinga som seinare vart vedteke av kommunestyret lydte slik:

*"Kontrollutvalet rår kommunestyret til å vedta plan for forvaltningsrevisjon med desse prioriteringane:*

- 1. Bruk av årsverk i heimebasert omsorg*
- 2. Pleietyngde og tenesteomfang innan heimebasert omsorg*
- 3. Innkjøp av IT – utstyr Giske kommune*

*Kontrollutvalet får delegert mynde til å rokkere rekkefølgen og gjere andre endringar etter vurdering av aktualitet."*

Tilsvarande plan for selskapskontroll vart behandla i kontrollutvalet i sak 02/06 i møte 06.04.2006 med slik innstilling:

*"Kontrollutvalet tilrår overfor kommunestyret å godkjenne plan for selskapskontroll i Giske kommune oppsummert slik:*

- Kartlegging av strategi for eigarskap, eigarskapskontroll og kontroll med andre økonomiske engasjement og garantiar i Giske kommune*
- Det blir lagt opp til gjennomgang av møtebøker for ÅRU*
- Val av kontrollhandlingar med utgangspunkt i vedtekne strategiar blir delegert til kontrollutvalet"*

Også denne planen vart godkjent av kommunestyret.

Det vil bli gjort nærare greie for status for desse bestillingane i møtet, men eg vil i saksutgreiinga kome nærare inn på selskapskontrollen.

I korte trekk er selskapskontroll ein kontroll av korvidt kommunen fører kontroll med sine eigarinteresser, om den som utøver kommunen si eigarinteresse i eit selskap gjer dette i samsvar med selskapslovgivinga sine reglar og kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. I tillegg kan selskapskontrollen innehalde frivillig forvaltningsrevisjon.

I følgje rekneskapen til Giske kommune for 2006 viser aksjar og andelar vel 3, 4 millionar kroner. Av dette beløpet utgjer eigenkapitalinnskott i KLP (Kommunal Landspensjonskasse) 3, 2 millionar kroner og er eit obligatorisk beløp relatert til medlemskapet. Dei resterande 200.000 kronene ber preg av å vere støtteaksjar i ulike interkommunale ordningar. Kommunen har i følgje balanserekneskapen ikkje heileigde aksjeselskap. I ein slik situasjon vil selskapskontroll lett bli vurdert som ein perifer funksjon sett frå dei instansane som skal ha med denne å gjere.

Ut i frå det som er nemnt ovanfor kan det vere formålstenleg å drøfte innfallsvinkelen mot selskapskontrollen for inneverande valperiode.

Harald Rogne  
dagleg leiar